



Alkoholpolitiske retningslinjer 2016 - 2020

for

Vindafjord kommune

(Revidert utgave vedteke i kommunestyret 20.2.18)

TILDELING AV SALS- OG SKJENKELØYVE I VINDAFJORD KOMMUNE

1.1 SALSLØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK MED HØGST 4,7 VOLUMPROSENT

Kolonialhandel/ daglegvarehandel kan søkje om salsløyve. Utval for oppvekst og omsorg gjer vedtak.

Det skal ikkje føregå slikt sal frå bensinstasjonar, kioskar, campingplassar eller liknande. Løyvetida følgjer kommunestyreperioden.

1.1.1 Salstider for alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent (butikk)

Ein kan søkja om sal og utlevering av alkoholhaldig drikk med høgst 4,7 volumprosent alkohol frå kl. 08.00 til kl. 20.00 på kvardagar og kl. 08.00 til 18.00 på dagar før sundagar og helgedagar, så nær som dagen før Kristi Himmelfartsdag. Denne er å rekna som ein vanleg kvardag.

Sal og utlevering av drikk, som er nemnt ovanfor, skal ikkje skje på sundagar og helgedagar, 1. mai og 17.mai.

Øl/rusbrus skal vere tildekkta utanom salstida. Det er ikkje tillate å plassera øl/rusbrus i same kjøleskap/hylle som alkoholfri drikk.

1.2 SALSLØYVE FOR ALKOHOLHALDIG DRIKK MED HØGARE ALKOHOLINNHOLD ENN 4,7 VOLUMPROSENT ALKOHOL

AS Vinmonopolet vert gitt salsløyve til sal av alkoholhaldig drikk med høgare alkoholinnhald enn 4,7 volumprosent alkohol. Løyvet vert innvilga etter søknad på vanleg måte.

1.3 SKJENKELØYVE

Hotell, restaurantar, pubar og andre lokale eller overnattingsstader om primært driv med servering av mat/drikke kan søkje om faste skjenkeløyve. Utval for oppvekst og omsorg gjer vedtak for faste løyve. Søknad om skjenkeløyve for einskildarrangement inntil ei veke vert delegert til rådmannen å ta avgjerd i.

Det vert ikkje tildelt skjenkeløyve til serveringsstad i kjøpesenter/butikkområde i tidsrommet når butikkane har ope. Gatekjøkken, kioskar, bensinstasjonar som serverar mat er også unnateke løyvetildeling.

Tilhøve som vert vurdert og vektlagt ved tildeling av både faste løyve og einskildløyve er m.a. målgruppe, staden der det er søkt om løyve, trafikk- og ordensmessige omsyn og omsyn til lokalmiljøet elles. Oppvekstområde skal skjermast, likeeins område der mykje born og unge ferdast dagleg. I område som også har sentrumsfunksjon må der vera rom for løyve.

1.3.1 Retningsliner for tildeling av skjenkeløyve for einskildarrangement

- Tildeling må skje etter dei til ei kvar tid gjeldande lover og forskrifter.
- Skjenkelokalet må, som hovudregel, vere ein bygning i ordets rette forstand. Berre i samband med større spesielle kulturarrangement, der det er naturleg å skjenke i telt, rubbhall, i for høvet oppsette innretningar (brakker) og liknande, kan det gjevast løyve til skjenking.
- Det kan gjevast løyve til skjenking under open himmel, når arealet er fysisk avgrensa i naturleg tilknytning til bygg/telt.

- Dersom skjenkelokalet er ein båt med statleg skjenkeløyve, kan skjenking skje når båten ligg ved kai i Vindafjord (statleg løyve vil gjelde under fart).
- Tildeling av einskildløyve i samband med festivalar vert gitt i samråd med festivalarrangør og politiet.
- Søknadsfrist vert sett til minst 14 dagar før arrangementet skal finna stad. Søknader som kjem inn etter denne fristen kan ikkje påreknast å verta handsama. Unntak er arrangørar/selskapslokale som brukar ambulerande løyve for slutta lag. I slike høve kan kortare søknadsfrist akseptierast.
- Idrettsarrangement og arrangement som er retta mot born og ungdom under 18 år vert ikkje tildelt løyve. På arrangement som elles primært er innretta mot familie (vaksne/born) skal det ikkje vera skjenking i same bygg/ telt som arrangementet er. Arrangørar må ansvarleggjerast med vakthald, slik at det ikkje er synleg berusa personar på området
- Det er viktig at kommunen, når skjenkeløyve vert handsama, sender kopi til lensmannen utan opphald, slik at dei umiddelbart får sendt ut melding om arrangement og dimensjonert talet på vakter og ikkje minst kontrollert vandel til vakter.

1.4 SKJENKETAK

Der vert ikkje innført skjenketak for faste løyve i kommunen. For ambulerande løyve/løyve for ein einskild gong vert det innført tak på inntil fem løyve i bruk samstundes.

1.5 SKJENKETIDER

Skjenking av alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir kan skje frå kl. 13.00 til 01.30. Skjenking av anna alkoholhaldig drikk kan skje frå kl. 08.00 til 01.30.

Skjenkestader som rettar seg mot slutta selskap (bryllaup eller liknande) kan søkje om skjenking fram til kl. 03.00. Slik utvida løyve kan berre gjevast i einskilde høve etter særskild søknad.

Desse søknadene vert delegert til rådmannen å ta avgjerd i.

Det er forbode å skjenke alkoholhaldig drikk med 22 volumprosent eller meir mellom kl. 03.00 og kl.13.00 og skjenking av alkoholhaldig drikk inntil 22 volumprosent mellom kl. 03.00 og kl. 06.00.

Konsum av utskjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyrast seinast 30 minutt etter skjenketida er slutt.

På overnattingsstader kan det skjenkast alkoholhaldig drikk med lågare alkoholvolum enn 22 volumprosent til overnattingsgjester utan omsyn til avgrensingane ovanfor.

1.6 UTESERVERING

Løyve til uteservering kan gjevast der tilhøva ligg til rette for det. Kommunen vil vurdere søknad i kvart einskild høve ut frå m.a. trafikktilhøve på staden, avskjerming både med omsyn til støy og det reint visuelle.

Det kan også vera aktuelt å gje løyve for kortare skjenketid ute enn inne på etablisementet. Uteservering skal alltid skje innanfor eit fysisk avgrensa areal slik at det er lett å kontrollere. Søknad om uteservering er det såleis knytt individuell vurdering til.

Utval for oppvekst og omsorg tek avgjerd for faste løyve. Rådmannen tek avgjerd for einskildarrangement for inntil ei veke.

1.7 STYRAR OG AVLØYSAR

Søknader av svært små etablissement (20-30 gjester) som primært driv mot slutta lag kan få dispensasjon frå kravet om avløysar for styrar, då dette gjerne er familie/einmannsbedrifter.

1.8 UTTALE TIL SØKNAD.

Søknader om faste løyve skal sendast politi og sosialteneste til vurdering og uttale. I tillegg kan kommunen innhente vurderingar frå skatte- og avgiftsinstansar.

2 SØKNAD OM LØYVER

2.1 SØKNADSSKJEMA

Søknad skal sendast elektronisk via søknadssenteret til kommunen.

2.2 SØKNAD OM AMBULERANDE LØYVE

Ambulerande løyve vert kun gitt til slutta lag for eit einskild høve. Definisjon av «slutta lag» skal til ei kvar tid tolkast ut frå det Alkoholovgjevinga og tilhøyrande regelverk legg til grunn.

Søknad om ambulerande løyve skal normalt vera innkomen til kommunen seinast 14 kalenderdagar før arrangement. Søknadar som kjem inn seinare enn dette kan ikkje påreknast å verta handsama. Selskapslokale som driv regelmessig med arrangement for slutta lag kan etter avtale få kortare handsamingstid. Vedtaksmynde er delegert til administrasjonen v/ rådmannen.

2.3 SØKNAD OM LØYVE FOR EINSKILDARRANGEMENT/ AVGRENSA TIDSPERIODE

Løyve for einskild høve kan gjevast for opne arrangement og festivalar. Arrangement med påmelding eller førehandssal av billetter vert også rekna som opne arrangement, likeeins medlemsarrangement for lag og organisasjonar.

Søknad om einskildløyve skal sendast elektronisk gjennom søknadssenteret til kommunen og skal vera innkomen til kommunen seinast 14 kalenderdagar før arrangement. For arrangement som går over fleire dagar (festivalar etc.) er søknadsfrist tre veker. Søknadar som kjem inn seinare enn dette kan ikkje påreknast å verta handsama. Arrangementet må vera godkjent frå politiet si side for at løyvet skal vera gyldig. Vedtaksmynde inntil ei veke er delegert til rådmannen.

Brot på alkoholovgivinga ved slike løyve vert handsama og sanksjonert på same måte som for faste løyve.

2.4 SØKNAD OM FAST LØYVE

Søknad om fast løyve skal søkjast elektronisk til kommunen. Alle faste løyve skal handsamast politisk. Det pålegg søkjar å sende med alle aktuelle vedlegg og ta dei kunnskapsprøvene som det er krav om. Kommunen er ansvarleg for å legge til rette for prøvetaking på førespurnad.

Godkjenning av faste løyver må fornyast kvar ny kommunestyreperiode.

2.5 SØKNAD OM UTVIDING AV LØYVE FOR EIT EINSKILD HØVE

Faste løyve kan få utvida løyvet sitt for einskildhøve. Det kan vera å bruka løyvet i anna lokale, utvida til uteservering etc. Søknad skal sendast elektronisk til kommunen. Vedtaksmynde er delegert til rådmannen

2.6 SØKNAD OM UTESERVERING

Søknad om uteservering skal først på same skjema som fast løyve. Det er knytt individuell vurdering til uteservering og søknaden skal til politisk behandling. Skisser/ teikningar må følge søknaden.

2.7 INTERNKONTROLL

«Krav om internkontroll innebærer at bevillingshaver systematisk skal kontrollere de krav til virksomheten som er fastsatt i eller i medhold av loven, herunder bevilling, overholdes. Bevillingshaver må videre ha et system for hvordan eventuelle overtredelser av disse kravene skal rettes og følges opp for å sikre at overtredelse ikke gjentas. I praksis betyr dette at virksomheten må ha gode, dokumenterbare rutiner for å sikre at driften er forsvarlig og i samsvar med regelverket. (mrk. til §8.2 - forskrift av 8. juni 2005).»

Sosial- og helsedirektoratet har gitt ut ein rettleiar om internkontroll IS-1337 *Internkontroll etter alkoholloven for salgs- og skjenkesteder*. Denne kan lastast ned eller tingast på www.shdir.no/publikasjoner. Alle faste løyve vert pålagt å ha internkontrollsystem. Det kan også krevjast internkontrollrutiner frå større einskildarrangement.

3 AVGIFTER OG KONTROLL OG OPPLÆRING

3.1 KONTROLL

Kontrollorgan er det interkommunale NoRoSun som vertskommunen Sauda administrerer. Kontrollørane sender kontrollrapport til kommunen. Rapportar som syner brot på retningslinjer vert lagt fram for OPOM til orientering. Lov om omsetning av alkoholhaldig drikk, samt «Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv. (alkoholforskriften)» regulerer kva straffereaksjonar som er aktuelle.

3.2 AVGIFTER

Sals- og skjenkeavgift vert betalt etter omsetning og etter retningslinjer/ satsar i forskriftene. Avgifta går til kostnader med handsaming av søknader, rusførebyggjande tiltak og til kontroll av skjenke- og salsstader.

Sals- og skjenkeavgift for faste løyve skal betalast i samsvar med kap. 6 i Forskrift av 8 juni 2005 om omsetnad av alkoholhaldig drikk.

Rådmannen kan inndra løyve for kortare eller lengre tid ved manglande betaling av avgifter.

3.3 KONTROLLVERKSEMD MED SALS- OG SKJENKESTADENE

Kontrollen vert finansiert gjennom omsetningsavgifta.

Rådmannen får fullmakt til å oppnemne kontrollorgan og avgjere talet på kontrollar.

3.4 VAKTHALD VED ARRANGEMENT

Det er politiet som godkjenner vakthald ved arrangement, både omfang og krav som vert stilt til vaktene. Løyve for einskildarrangement og arrangement for kortare tidsrom krev godkjenning frå politiet for at løyvet skal vera gyldig.

3.5 'ANSVARLEG VERTSKAP' – KURS

Alle faste skjenke- og salsløyve pliktar å stille med deltakar/deltakarar på kurs i 'Ansvarleg vertskap' når kommunen arrangerar dette. Same kravet vert stilt til festivalarrangørar og arrangørar som gjennomsnittleg har tre einskildarrangement eller meir i året.

4 REAKSJONSFORMER VED BROT PÅ RETNINGSLINENE

4.1 SANKSJONAR OG AVGJERDSMYNDE (ALKOHOLLOVA § 1-8)

Utval for oppvekst og omsorg som kontrollutval gir sals- og skjenkeløyve, fastset vilkåra for løyva og inndrar løyver. Rådmannen har delegert avgjerdsmynde for tildeling av prikkar etter alkoholforskrifta.

Det skal føretakast raske og påreknelege reaksjonar i samsvar med dette reglement.

4.2 REAKSJONAR

Det er Utval for Oppvekst og Omsorg som kontrollutval som fastset sanksjonar ved brot på alkohollova sine bestemningar og det som til ei kvar tid er bestemt i alkohollova og «*Forskrift om omsetning av alkoholholdig drikk mv – alkoholforskriften.*»

4.3 SAKSBEHANDLING

Når utvalet skal handsama brot av lovreglar som nemnt i kapittel 4 så skal desse handsamast så snart som mogeleg med sikte på rask og pårekneleg reaksjon. Løyveinnehavar som har fått negativ rapport skal tilskrivast og med 2 vekers frist gjevast høve til svar. Rådmannen treff enkeltvedtak for tildeling av prikkar etter kap. 10 i alkoholforskrifta, viss ikkje tildelinga fører med seg inndraging. I desse tilfella skal sakene leggas fram for Utval for oppvekst og omsorg. Klagesaker på tildelte prikkar skal handsamast i Utval for oppvekst og omsorg, før dei ev. vert vidaresende til Fylkesmannen for vidare handsaming.

4.4 DIVERSE

a) Ambulerande skjenkeløyve/ Løyve for einskildarrangement

Ved brot på alkoholvgivinga ved ambulerande løyve/løyve for einskildarrangement vert desse brota sanksjonerte på same måte som for faste løyve. Det betyr at løyveinnehavarar ved brot vert tildelte prikkar på same måte som for faste løyver, jfr. Alkoholforskrifta kap. 9 og 10, og at tildelte prikkar skal vurderast opp mot nye søknadar frå/til same arrangør/arrangement i kvart enkelt tilfelle.

b) Iverksetjinga av skjenkeløyve ved spesielle høve utanom fast skjenkelokale

Dersom ein løyvehavar, under utviding av utvida løyve (for eksempel einskildarrangement), får negativ rapport for brot av gjeldande lover og føresegner m.v. , gjeld dei same krav og reaksjonsformer som for "hovudløyvet".

4.5 INFORMASJON OM SKJENKE- OG SALSLØYVE

Administrasjonen gir informasjon om skjenke- og salskontrollar til Utval for oppvekst og omsorg som kontrollutval etter utførte kontrollar.